

Saksbehandlar: Øystein Hunvik, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 13/7031-3

Fylkeskryssande bussruter

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vidarefører sin produksjon på Hol-Aurland, Maurstad-Åheim og Folkestad–Nordfjordeid.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune vidarefører avgangen Stryn kl. 15.35 – Volda m/retur kl. 17.00 på fredag og søndag.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune må ta eit nytt initiativ ovanfor samferdsledepartementet og nabofylka for å få på plass eit overordna samarbeid om fylkeskryssande ruter.

Vedlegg:

Epost frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 16.01.2014.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Møre og Romsdal fylkeskommune, Buskerud fylkeskommune og Nettbuss express har bestemt seg for å legge ned fleire fylkeskryssande ruter til Sogn og Fjordane dei er med på å betale i dag. Det vert i denne saka foreslått å vidareføre nokre ruter.

Det manglar ei overordna samordning av fylkesoverskridande ruter. Fylkeskommunen har bede samferdsledepartementet om å engasjere seg direkte i fylkeskryssande ruter med buss, på same måte som med jarnbane, fly og tog. Dette ynskjer ikkje staten.

2. Bakgrunn for saka

Innleiande

I Sogn og Fjordane utgjer fylkeskryssande ekspressruter ein av grunnstammene i kollektivsystemet. Ekspressrutene utfører mykje lokalproduksjon og er godt integrert med det lokale rutenettet. For den reisande er det liten skilnad på fylkeskommunale og kommersielle ruter, då alle nyttar fylkeskommunal takst og rutemønster lokalt i fylket. Vidare er alle rutene med i felles rutehefte og ruteopplysning. Det har vore eit mål å få til eit heilskapleg rutesystem.

Grunnen for at saka er fremja

Kutt i fylkeskryssande ruter

Møre og Romsdal fylkeskommune, Buskerud fylkeskommune og Nettbuss express har bestemt seg for å legge ned fleire fylkeskryssande ruter dei er med på å betale i dag. Tidlegare har Hordaland fylkeskommune gjort liknande vedtak for ruter til Sogn og Fjordane.

Vi vil i denne saka sjå på kva konsekvensar dette får for oss, vidare vil vi drøfte kva tiltak Sogn og Fjordane skal gjere som følgje av rutekutta i nabofylka.

Statleg engasjement i fylkeskryssande ruter

Sogn og Fjordane har utfordra staten til å engasjere seg aktivt i fylkeskryssande ruter. Staten svarar at fylkeskryssande ruter i hovudsake er kommersielle og at fylkeskommunane har høve til å legge føringar for dei kommersielle rutene lokalt. Vidare svarar dei at Staten ikkje ynskjer å ta på seg ansvar for kjøp av fylkeskryssande ruter.

Utifrå svaret frå samferdsledepartementet synest det som at dei ikkje fullt ut er merksame på omfanget av fylkeskommunalt engasjement i fylkeskryssande ruter. Vi vil i denne saka drøfte korleis fylket skal forholde seg til svaret frå departementet.

Historikk - tidlegare vedtak

Møre og Romsdal har gjort desse vedtaka:

I sak SA 1/2014 gjorde ein følgjande vedtak:

- *Rute 311 ruta Ulsteinvik kl 1045 – Maurstad mandag-fredag vert lagt ned*
- *Rute 311 ruta Maurstad kl 1315 – Koparnes vert lagt ned på skuledagar. På skulefri vert ruta lagt ned på strekninga Maurstad kl 1315-Hareid*
- *Rute 311 ruta Åheim kl 1440-Maurstad mandag-fredag vert lagt ned*
- *Rute 311 ruta Maurstad kl 1510-Eidså vert lagt ned. Ruta Åheim kl 1435-Koparnes vert då omgjort frå skulerute til ordinær rute.*
- *Rute 250 ruta Stryn kl 1905 – Ålesund stopper på Ørsneset – korr med bybuss rute 618 frå Magerholm-Ålesund. Passasjerar frå Bergen/Oslo bør ta rute via Volda.*
- *Rute 351 ruta Folkestad kl 0615 – Nordfjordeid mandag-fredag vert lagt ned*
- *Rute 351 Ruta Nordfjordeid kl 0900-Folkestad mandag-fredag vert lagt ned*
- *Rute 351 ruta Nordfjordeid kl 1930 – Volda vert vidareført som dagens opplegg via Folkestad. Dette betyr at vi ønskjer same rutetid frå Førde som i dag.*
- *Rute 351 Forslag ny rute Volda kl 0825-Kjøps med retur vart ikkje godkjent*
- *Når det gjeld ruta 311 Åheim kl 0810-Ålesund, så vil denne verte vidareført fram t.o.m fredag 15.august. Deretter vert den avvikla*

I sak T 73/13 gjorde Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtak om ikkje å løyve midlar til vidare bussdrift på rutene Volda-Stryn via Kvivsvegen.

I samband med utlysing av rutene i Hallingdalen, bestemte Buskerud fylkeskommune seg for å ikkje vidareføre sommarruta dei har mellom Hol og Aurland i dei nye avtalane.

Nettbuss express har gjeve melding om at dei ikkje vil vidareføre sine tilførsleruter mellom Åheim og Maurstad.

Sentrale problemstillingar

Formålet med fylkeskryssande ruter er at det skal vere eit rutetilbod både for dei som bur lokalt, men og for dei som reiser langt – fylkesgrensene er ikkje naturlege grenser for kor folk ønskjer å reise. Eit godt utbygd fylkeskryssande rutenett er med å styrkje regionane på tvers av fylkesgrensene.

Hovudutfordringa no er nabofylka ikkje lenger vil prioritere fylkeskryssande ruter, og at staten ikkje vil engasjere seg direkte i rutestrukturar med buss som strekker seg over fleire fylker.

Hs har i brev datert 28. oktober sendt bekymringsmelding til samferdsledepartementet:

Hovudutval for samferdsle er blitt orientert om dei nasjonale utfordringane som er i samband med fylkeskryssande ruter. Fram til nylig har det vore vilje og evne hos dei fleste fylkeskommunar til å bidra økonomisk slik at innbyggjarane har tilbod om fylkeskryssande bussruter der det ikkje er tog eller kommersielle bussruter. Dei siste to åra har det skjedd ei endring der fleire fylkeskommunar

berre ser på rutetilbod internt i sitt eige fylke som sitt ansvar. Resultatet av ei slik tenking er at fylkeskryssande ruter betalt av fylkeskommunane ikkje vert vidareført.

For innbyggjarane i dei aktuelle fylka betyr det at det ikkje lenger er eit kollektivtilbod for dei som har behov for lenger reiser. Hovudutvalet er spesielt uroa for tilbode til menneske med nedsett funksjonsevne.

For kvart år som går vert godt fungerande fylkeskryssande ruter med godt trafikkgrunnlag lagt ned. Hovudutval for samferdsle meiner at fylkeskryssande ruter er eit nasjonalt ansvar på linje med tog og bed difor om at samferdsledepartementet snarast tek på seg eit ansvar slik at vi og andre fylkeskommunar ikkje mister eit svært viktig kollektivtilbod.

Svar frå Samferdsledepartementet:

Fylkeskryssande bussruter

Vi viser til brev av 28. oktober 2013 fra Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Samferdselsdepartementet minner om at fylkeskryssande ekspressbussruter hovudsakleg er kommersielle ruter, men at fylkeskommunane i enkelte høve kjøper og tenester frå ekspressbussruter. Vi viser og til side 128 i Nasjonal transportplan 2014 – 2013 der det mellom anna står:

”Lokal kollektivtransport er et fylkeskommunalt ansvar. Som løyvemyndighet har fylkeskommunen overordnet ansvar også for tilbud med privat kommersiell ekspressbusstrafikk, og kan stille krav til bl.a. kjørestrækning og knutepunktbetjening. Fylkeskommunen kjøper desssuten tilleggstenester av ekspressbussoperatørene for lokal betjening av områder og har ansvaret for skoletransport.”

Samferdselsdepartementet vil peike på at dei fylkeskryssande ekspressussrutene som utgangspunkt skal vere kommersielle, og at kjøp av tenester frå desse rutene på t.d. delstrekningar er noko som fylkeskommunane har gjort og kan gjere som del av ansvaret for lokale bussruter.

Departementet ser det ikkje som aktuelt at staten skal etablere ei ny ordning med statleg kjøp av fylkeskryssande ekspressbussruter.

Fylkeskommunale og kommersielle ekspressruter

Fylkeskommunane har hatt eit sterkt engasjement i fylkeskryssande ruter. Fleire av desse rutene har opphav i gammal fylkeskommunal produksjon på kvar side av fylkesgrensa, som har blitt koplå til gjennomgåande ruter.

Kommersielle aktørar er inne og driv ruter på strekker som er kommersielt drivverdige.

Kommersielle fylkeskryssande ruter til/frå Sogn og Fjordane:

Rute	Strekning
Sogn og Fjordane Ekspressen	Førde – Hemsedal - Oslo
Nordfjordekspressen	Måløy – Strynefjellet - Oslo
Sognebussen	Sogndal – Bergen (2 av 5 avgangar)
Sognebussen	Vadheim - Bergen
Fjordekspressen	Nordfjordeid - Bergen
Fjordekspressen	Trondheim - Bergen
Møreekspressen	(Oslo) - Stryn - Ålesund

Fylkeskryssande ruter som vert finansiert av fylkeskommunane

Rute	Strekning	
Sognebussen	Sogndal – Bergen (3 av 5 avgangar)	Sogn og Fjordane
Valdresekspressen	Årdal – Oslo	Sogn og Fjordane/Oppland
Valdresekspressen	Lærdal – Oslo	Sogn og Fjordane/Oppland
Øst Vest ekspressen	Bergen - Lillehammer	Sogn og Fjordane/Oppland
«lokalrute»	Sogndal – Vik - Bergen	Sogn og Fjordane/Hordaland
«lokalrute»	Sogndal – Lom	Sogn og Fjordane/Oppland
«lokalrute»	Flåm – Ål	Sogn og Fjordane/Buskerud*
Fjordekspressen	Førde – Ålesund	Sogn og Fjordane/Møre og Romsdal
Fjordekspressen	Stryn - Ålesund	Sogn og Fjordane/Møre og Romsdal
«lokalrute»	Stryn – Volda – Kvivsvegen	Sogn og Fjordane/Møre og Romsdal
«lokalrute»	Nordfjardeid – Volda	Sogn og Fjordane/Møre og Romsdal
«lokalrute»	Maurstad – Åheim	Sogn og Fjordane/Møre og Romsdal/Nettbuss
«lokalrute»	Leikanger – Åheim	Sogn og Fjordane
«lokalrute»	Leikanger – Åheim – Nordfjardeid	Sogn og Fjordane

Oversikta ovanfor syner at dei fleste av fylkeskryssande rutene til/frå Sogn og Fjordane vert drifta av fylkeskommunane, som på denne måten syter for eit akseptabelt rutenivå. Dei kommersielle aktørane er berre inne på nokre få strekningar, der næringsgrunnlaget er sterkast.

ei eller anna overskrift

Maurstad - Åheim

Rutetilbodet mellom Maurstad og Åheim er vist i tabellen nedanfor. Rutene markert med stjerne vert lagt ned 1. mai/23. juni/15. august. Desse rutene er i hovudsak tilbringarruter frå Møre og Romsdal til/frå Nordfjordekspressen. Rutene midt på dag har vore betalt av Møre og Romsdal fylkeskommune, medan morgon og kveldsrutene har vore betalt av Nettbuss express. Ruta som går frå Åheim kl. 09.20 til Maurstad og frå Maurstad kl. 16.45 – Åheim er ei rute som går frå Selje via Åheim til Nordfjardeid.

Åheim	07:15*	09:20	12:30*	14:40*		21:10*
Maurstad	07:50*	09:45	12:48*	15:05*		21:35*
Maurstad	07:50*		13:15*	15:10*	16:45	20:05*
Åheim	08:15*		13:33*	15:30*	17:15	20:25*

Eid - Folkestad

Vedtaket i Møre og Romsdal fører til at rute frå Folkestad 06.15 – Nordfjardeid og frå Nordfjardeid kl. 09:00 vert lagt ned. Dette gjer at det ikkje vil vere rute frå Nordfjardeid til og frå Møre mellom 07.00 og 10.35.

Folkestad	06:15*	08:12	11:12	13:27	15:12	18:42
Nordfjardeid	06:52*	08:50	11:50	14:10	15:55	19:25
Nordfjardeid	07:00	09:00*	10:35	14:25	16:35	19:30
Folkestad	07:40	09:40*	11:13	15:05	17:12	20:10

Stryn – Volda

For rutene mellom Stryn og Volda har vi avtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om at vi i fellesskap skal kjøpe rutene merka med stjerne i tabellen nedanfor. Rutene utan stjerne er Møreekspressen som er ei kommersiell rute mellom Ålesund og Oslo.

Stryn	06:15	08:50*	12:35*	15:35*
Volda	07:15	09:55*	13:40*	16:40*
Volda	10:20*	14:00*	17:00*	22:05
Stryn	11:25*	15:05*	18:05*	23:00

Det er svært få passasjerar som brukar buss mellom Stryn og Volda. Ser vi vekk frå skuleelevane er det i snitt 1 – 3 passasjerar pr. avgang.

Hol - Aurland

Buskerud fylkeskommune har i samband med anbod valt å ikkje vidareføre sine sommar-ruter mellom Hol og Aurland.

Flåm	08:25	16:00*
Hol	10:40	18:10*
Hol	08:35*	16:00
Flåm	10:50*	18:15

3. Vurderingar og konsekvensarAvbøtande tiltak der nabofylka kuttar sine ruter

Når Hordaland trekte seg ut av sine ruter mellom Bergen og Sogndal valde Sogn og Fjordane fylkeskommune og Nettbuss å ta over fleire av desse avgangane. Dette for å sikre at viktige rutefunksjonar vart ivaretekne. Sogn og Fjordane valde og å vidareføre sine etablerte ruter mellom Sogndal og Bergen inntil vidare.

Prinsipielt vert det feil at Sogn og Fjordane skal betale for ruteproduksjon i andre fylker, utan at det vert gjort tilsvarende andre vegen.

Vi må likevel vurdere kvar rute for seg, slik at viktige rutefunksjonar vert ivaretekne.

Hol-Aurland

Her er det to avgangar på sommarstid. Dette er ei viktige ruter for fotturistar i Aurlandsdalen.

Fylkesdirektøren foreslår difor at den ruta Sogn og Fjordane driv i dag vert vidareført inntil vidare. Sogn og Fjordane går ikkje inn og erstattar den ruta Buskerud legg ned.

Maurstad - Åheim

Desse rutene vert i hovudsak nytta av reisande frå Møre som skal vidare med Oslobussen. Fylkesdirektøren rår ikkje til å overta dei rutene som no vert lagde ned.

Ruta Åheim 0920 – Maurstad og Maurstad 1645 – Åheim vert tilrådd vidareført då den er ein del av ei fylkeskommunal rute Nordfjordeid - Selje.

Folkestad – Nordfjordeid

Møre og Romsdal legg ned ruta frå Folkestad kl. 0615 til Nordfjordeid med retur kl. 0900.

Fylkesdirektøren rår at Sogn og Fjordane ikkje tek opp at denne ruta. Vidare vert det tilrådd å vidareføre eigen produksjon som før.

Stryn – Volda (Kvivsvegen)

Desse rutene vart starta opp i samband med opninga av Kvivsvegen. Rutene vart etablerte på tidspunkt med gode korrespondansar både i Stryn og Volda. Det vart og bakt inn fleire skuleruter i rutesystemet . Rutene har hatt 1-3 reisande utanom skuleelevane. Det tek normalt

fleire år å opparbeide nye ruter. Det vil vere ressurskrevjande for Sogn og Fjordane å gjere det åleine.

For å gi eit tilbod til studentar, vekependlarar og helgereisande rår fylkesdirektøren til å vidareføre avgang frå Stryn kl. 1535 fredag og søndag til Volda med retur kl. 17.00.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Det at andre vel å leggje ned ruter medfører i utgangspunktet ikkje økonomiske konsekvensar for oss utan at vi vel å gjere avbøtande tiltak.

Det er ingen av dei omtalte rutene som er lovpålagde, bortsett frå nokre ruter over Kviven, der delar av rutestrekka har skuleruteproduksjon. Skuleskyss er lovpålagd, slik at den delen må uansett ivaretakast.

Dersom Sogn og Fjordane fylkeskommune skal ta ansvar for å erstatte ruter der andre vel å kutte vil det anslagsvis ha kostnadane i tabellen nedanfor.

Rute	Kostnad pr år
Hol – Aurland	600.000
Maurstad – Åheim	900.000
Folkestad – Nordfjordeid	900.000
Stryn – Volda	1.500.000

Kviven

Når det gjeld rutetilbodet på Kvivsvegen utgjør det om lag 100.000 km. Den samla kostnaden med dette tilbodet er om lag 3 millionar kroner der det er avtalt at Møre og Romsdal skal dekke 50 %. Sogn og Fjordane sin del er då om lag 1,5 millionar kroner.

Som ein konsekvens av eventuell nedlegging må vi opprette skuleskyss for grunnskule og vidaregåande skule mellom Grodås og Maurstad og Stryn og Grodås til ein kostnad på om lag 300.000. Dersom vi vel å leggje ned rutetilbodet på Kvivsvegen står vi då igjen med 1,2 millionar kroner.

Fylkesdirektøren meiner det vil vere fornuftig å opprette eit pendlartilbod til/frå Volda på fredag og søndag tilpassa studentar og helgereisande. I praksis betyr det at rute frå Stryn kl. 15.35 – Volda og frå Volda kl. 17.00 – Stryn vert vidareført på fredag og søndag som idag. Kostnaden med dette er om lag kr. 300.000.

Dersom HS ønskjer å oppretthalde eit tilbod på Kvivsvegen er det mest hensiktsmessig å vidareføre rutene Stryn kl 08.55 – Volda m/retur frå Volda kl 10.20 og frå Stryn kl 15:35 – Volda m/retur kl. 17.00. Kostnaden med eit slikt opplegg er om lag 2 mill. kr. – dvs om lag 0,5 mill. kr. meir enn midlane som er sett av til dette føremålet.

4. Konklusjon

Sogn og Fjordane fylkeskommune vidarefører sin produksjon på Hol-Aurland, Maurstad-Åheim og Folkestad-Nordfjordeid.

Sogn og Fjordane fylkeskommune går ikkje inn med avbøtande tiltak på dei fylkeskryssande rutene som nabofylka legg ned, med unnatak av ei vidareføring av avgangen Stryn kl 15.35 – Volda m/retur kl. 17.00 på fredag og søndag. Vidare vert skulerutene i Hornindal å vidareføre.

Totalt sparar Sogn og Fjordane fylkeskommune kr. 900.000 pr. år på rutekutt over Kviven. Effekten for 2014 vert 600 000.

Det manglar i dag ei overordna koordinering av fylkeskryssande ruter.

Sogn og Fjordane fylkeskommune må ta eit nytt initiativ ovanfor samferdsledepartementet og nabofylka for å få på plass eit overordna samarbeid om fylkeskryssande ruter.